

ÅRSMELDING 2018



31.12.2018

FOR SELJE KYRKJELEGE
FELLESRÅD

Årsmelding 2018

FOR SELJE KYRKJELEGE FELLESRÅD

SELJE KYRKJELEGE FELLESRÅD

Fellesrådet

I alle kommunar med meir enn eitt sokn, er det lovfesta at det skal vere eit kyrkjeleg fellesråd. Kyrkjeleg fellesråd er eit felles organ for sokna, og eit kyrkjeleg organ forplikta på føremålsparagrafane §1 og § 28 i kyrkjelova. I kyrkjeleg fellesråd sit det representantar frå sokneråda i tillegg til ein prest og ein representant oppnemnd av kommunen. Kyrkjeleg fellesråd har sin eigen «hovudparagraf» i kyrkjelova (§14) som seier kva som er føremålet med rådet og kva oppgåver det har.

Fellesrådet sine oppgåver er

- Administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna.
- Å utarbeide mål og planer for den kyrkjelege verksemda i kommunen.
- Å fremje samarbeid mellom kyrkjelydane.
- Å ta hand om interessene til sokna i høve til kommunen.

Blant dei viktigaste oppgåvene til kyrkjeleg fellesråd er

- Bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer, kyrkjegardar og kyrkjeinventar.
- Å skaffe og drive kyrkjekontor.
- Å skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsundervisninga, også legge til rette for konfirantar med særskilde behov.
- Å ha arbeidsgjevaransvar for dei som er lønna over fellesrådsbudsjettet
- Å forvalte felles økonomi.

Selje kyrkjelege fellesråd har vore samansett slik:

Selje: Doris Hammersvik og Anne-Helen Espeseth
Vara: Marilyn Osmundsvåg og Gunn Lillesalt

Leikanger: Ove Magnus Årvik og Leif Johnny Prestvik
Vara: Randi Hildur Hoddevik og Fredrik Hovden Borgund

Ervik: Kirsti Stave Stevik og Åge Jon Ervik
Vara: Magnar Barmen og Sylvi Olsson

Kommunal representant: Gunn Helgesen Vara: Hanne Marie Utvær

Leiar: Doris Hammersvik

Nestleiar: Kirsti Stave Stevik

Kyrkjeleg adm.utval: Anne Helen Espeseth leiar, Åge Jon Ervik og Ove Magnus Årvik Vara: Leif Johnny Prestvik

Forhandlingsutval: Doris Hammersvik leiar, Anne Helen Espeseth, Åge Jon Ervik og kyrkjevevja (Ove Magnus Årvik vald inn som vara 2018 sak 21/18).

Arbeidsutval: Arbeidsutvalet er delt i tre slik at det er dei to frå kvart sokn som vert kontakta om lokale saker dersom det er nødvendig.

Selje kyrkjelege fellesråd hadde 3 møte og handsama 26 saker i 2018.

Personale

Det har vore endringar i den faste staben i 2018. Beate Folkestad Osdal slutta som kateket 31.07. 2018. Fellesrådet takkar henne for hennar teneste. Kyrkjegardsarbeidarstillinga vert i dag utført etter timeliste slik som tidlegare år, men det er ønskjeleg at det vert ei 50% fast stilling i staden. Arild Rikheim har jobba på kyrkjegarden i 2018 saman med Per Røyset. Sommaren 2018 hadde fellesrådet samarbeid med NAV/flyktningtenesta. Samarbeidet blei utvida til språkspraksis 1 dag i veka frå oktober. Det er gledeleg at samarbeidet har gått bra og Per Røyset får stor takk for mykje og hardt arbeid for å få det til. Kyrkja har fått ros for å ta på seg samfunnsansvar med sånne prosjekt. I 2018 var Anders Osdal og Randi-Marie Røyset sommarvikarar. Dei gjorde god innsats.

Stillingsheimlane til fellesrådet er slik:

Kyrkjevevje	Nanda Maack.	100%
Kyrkjetenar i Selje kyrkje	Doris Hammersvik	21,00 % (pensjonistvilkår)
Reinhaldar i Selje kyrkje	Doris Hammersvik	13,00 % (pensjonistvilkår)
Kyrkjetenar i Leikanger kyrkje	Helge Borgund	12,00 % (pensjonistvilkår)
Reinhaldar i Leikanger kyrkje	Helge Borgund	8,00 % (pensjonistvilkår)
Kyrkjetenar i Ervik kyrkje	Magnhild Stave	9,00 % (pensjonistvilkår)
Reinhaldar i Ervik kyrkje	Magnhild Stave	5,13 % (pensjonistvilkår)
Organist i alle kyrkjer	Jon Inge Sigerland	100 %
Kateket	Vakant	100%
Kyrkjelydpedagog	Eline Sandnes	20%
Trusopplærar	Eline Sandnes	30%
Kyrkjegardsarbeidar	Per S. Røyset	100%
Kyrkjegardsarbeidar	Arild Rikheim	50% (Ledig). Ein del vert utført etter timeliste.

Resultatmål for 2018

Kyrkjene vert brukte til gudstenester, gravferd, bryllaup, dåp, konfirmantundervisning, babysong, trusopplæring, korøvingar, konsertar og andre aktivitetar som kyrkjelydane, biskopen og sokneråda har hatt ynskje om. Det blei endring i forordna gudstenester etter bispevisitasten i 2017.

Statistikk

	2014	2015	2016	2017	2018
Søndagsgudstenester	67	64	81	64	60
«Andre gudstenester»	15	10		13	13
Deltakarar ved gudstenestene	5 306	5 064	5 563	5 476	5 717
Døyppte	33	26	30	31	24
Konfirmantar	40	35	30	30	36
Vigsel	8	6	7	3	7
Gravferd	25	22	32	25	32
Kistegrav					35
Urne-nedsetting på gravplassen					2
Offer	?	15 321,-/	173 476,-	151 744,-	148 236,-
Til eige arbeid		54 525,-	52 255,-	55 867,-	35 851,-
Innsamla, gåver, basarar			105 290,-	75 250,-	175 532,-
messe					
Til eige arbeid			60 867,-	54 040,-	51 500,-
Gjevartenesta				35 350,-	36 635,-
Gåve til orgel					250 000,-

Aktiviteter i 2018

19. april var den årlege medarbeidarsamlinga på Eid kyrkjetun for heile prostiet. Foredragshaldar var Eyvind Skeie.

Det var felles stabssamling i Loen, 29.05.2018 for tilsette i Selje og Eid, invitert av fellesnemnda. Prosjektleiari Kristen Hundeide hadde informativt foredrag om vegen vidare i samanslåings-prosessen. På slutten tok vi turen opp med skyliften. Dette var ein gledeleg og oppmuntrande tur.

Det var felles prostevitjing med Eid 30.10.2018. Først stabssamling på Eid og så om kvelden var det møte med sokneråda på Nordstrand bedehus på Stadlandet.

Kyrkjevevja heldt ein kort presentasjon for formannskapet 14.11.2018 om kyrkjene og kyrkjegardane si tilstand. Det er positivt at kyrkja får muligheit til å presentere sine viktige saker for kommunen.

I 2018 hadde Stad kyrkjelege fellesnemnd 5 møter. Selje sine representantar, Leif Johnny Prestvik leiar i nemnda, Sylvi Olsson fikk fritak frå nemnda og Doris Hammersvik tok hennar plass, Kirsti Stave Stevik og Haldis Håvik. Vara medlemmer. Arne Martin, Åge Ervik og Kirsti Elde.

Ein søknad vart send til biskopen om løyve til å flytte el-skapet frå plattformen nedanfor kyrkjetårnet til våpenhuset. Vi har fått svar frå riksantikvaren som stiller seg positiv til brannsikringstiltak.

I staden for vanleg kyrkjedag arrangert av prostirådet, blei folk oppmuntra til å komme til Seljumannamessa og 950-årsjubileum for Bjørgvin bispedømme 08.07.2018. Dronning Sonja var invitert og deltok, og dette blei ein innhaldsrik dag med mange besøkjande. Fellesrådet takkar alle sine tilsette for å få alt det praktiske til å gå i hop under sjølve messa. Vi takkar også soknepresten og sokneråda.

Samarbeid med skule og barnehage

Kyrkja har hatt godt samarbeid med skule og barnehage i 2018 som tidligare år.

- Besøk av barnehage i kyrkja utanom gudsteneste: 5
- Besøk i barnehage: 5
- Besøk av skuleklasse i kyrkja utanom gudsteneste: 4
- Besøk i skuleklasse: 8

Vi arrangerte hausttakkefest i barnehagane i tillegg til at barnehagane besøkte kyrkja på jule- og påskevandring. 6-åringane var på undretur og gravferdskurs i kyrkja.

I samarbeidsavtalen med skulen er det lagt opp til førebuiingsbesøk til hausttakkefesten med deltaking av 3. klasse. Det er også lagt opp til førebuiingsbesøk i 5. klasse før gudsteneste med utdeling av bibel. Kvart tredje år er det kurs for mellomtrinnet «vandring gjennom bibelen for barn». Elles er det arrangert skulegudsteneste i adventstida for Leikanger, Selje og Flatraket skule.

Tilbod til born/ungdom

Det har vorte gjennomført mange tiltak i trusopplæringa 2018. Eline Sandnes har hatt tyngda av det arbeidet som tidligare år, fellesrådet takkar henne for det fantastiske arbeidet ho gjer. Det er også verd å nemne den viktige rolla foreldre, sokneråda og alle dei frivillige har slik at vi får gjennomført alle tiltaka. Fellesrådet takkar dei for god innsats.

Kyrkja har eit variert tilbod for forskjellige aldersgrupper i kommunen. Dåpssamtale og dåpsgudsteneste er eit av dei tiltaka og alle dåpsfamiliar får heftet «velsign vårt hus» i gåve frå kyrkja. Kvar torsdag arrangerer vi babysong i Selje som eit tiltak i trusopplæringa. Laurdagsgraut med innlagt småbarnssong vert arrangert ein gong i månaden og har blitt til ei kjekk samling som mange har glede av. Det har også vore arrangert nokre laurdagsgrautsamlingar på Flatraket.

Andre tilbod til born og ungdom i kyrkjene i 2018:

- Prosjektkor i Selje.
- Påskeverkstad og julebarnekor.
- LysVaken i Ervik kyrkje.
- Seljadag for konfirmantane på Seljeøya.
- Landsdekkande fasteaksjon for Kirkens Nødhjelp.
- Nattecup for konfirmantane i Nordfjordhallen saman med resten av konfirmantane i Nordfjord og Vanylven.
- Den årlege leiren for konfirmantane på Fjordly saman med Eid-konfirmantane.
- Utdeling av 4- og 6-års bok og utdeling av bibel til 5. klassingane.

Dei kontinuerlige tilboda er søndagsskule i Ervik, Barnelag i Nordpollen, speidargruppe på Flatraket.

Konsertar/Musikk i kyrkjene

Konsertar i regi av sokneråda:

År	2018	2017	2016
Antall konsertar	9	10	8
Tal tilhøyrande	955	1 047	965

Konsertar i regi av andre:

År	2018	2017	2016
Antall konsertar	9	5	9
Tal tilhøyrande	1 282	1 547	1 302

Slik som tidlegare år har vi mykje musikk i kyrkjene våre. Jon Inge Sigerland har gjort musikken til glede for kyrkjelyden med si store speglede og entusiasme. Jon Inge har hatt eit samarbeid med Frisk bris der han spelar for dei mot at dei stiller opp som forsongarar under gudstenestene i kyrkja. Dette samarbeidet har også fortsatt i 2018. I tillegg har Stadlandet gospelkor og Songkvartetten drops vore med på arrangement i kyrkja, vi har hatt påskekonsert og rundt Seljumannamessa vart det arrangert 2 konsertar.

I 2018 fekk vi også oppleve huskonsert med Eli-Johanne Rønnekleiv og Jon Inge Sigerland i prestegarden. Inntekta frå denne konserten gjekk til Seljumannamessekomiteen. 09.09.2018 var det konsert med Sunniva-koret i Selje kyrkje. I tillegg vart det også rikeleg med advent og julekonsertar i kyrkjene som vanleg. Den 12.12.2018 var det adventkonsert med Frisk bris i Ervik kyrkje og 15.12.2018 var det tid for den tradisjonelle julekonserten i Selje kyrkje med blant anna kor og mange songinnslag, og 16.12.2018 var den tradisjonelle julekonserten i Leikanger kyrkje med Stadlandet gospelkort og mange fleire. Den 30.12.2018 var det nyttårskonsert i Selje kyrkje arrangert av Selje sokneråd. Der var det soloinnslag og musikk av Sentrum spelemannslag, Drops og blåsarar frå Flatraket med. Det er svært positivt av musikk-krefter frå heile kommunen kan møtast slik at ein får høyre det som skjer i dei andre sokna også. Konsertane i advent/jula var bra besøkt.

I 2018 gjekk Selje kyrkjelege fellesråd til innkjøp av nytt orgel i Ervik kyrkje. Etter komité møte, anbudsrunde frå orgelbyggjarar og tilrådingar frå Jon Inge Sigerland, valde Selje kyrkjelege fellesråd orgel i møte 22.08.2018. Orgelet blei kjøpt med gåve-midlar frå Ervik Havfiske og Fellesrådet takkar for denne generøse gáva. Orgelet blei innvigd på gudstenesta søndag 18. november med påfølgande orgelkonsert.

Musikkutvalet med representantar frå kvart sokn har møte i byrjinga av kvart semester der dei blant anna arrangerer salmekvelder og driv med konsertplanlegging.

Kurs for dei tilsette

- På kyrkjedag for Nordfjord var «Eit liv med salmar» hovudtema.
- Medarbeidersamling på Nordfjordeid 19. april 2018 Eyvind Skeie heldt foredrag.
- Det var felles prostevitjing med Eid fellesråd 31.10.2018, først stabssamling på Eid og så om kvelden møte med sokneråda og fellesråda på Nordstrand Bedehus.

Andre aktiviteter

Ein gong i månaden har sokneprest og organist andakter på Selje eldretun, Seljetunet og Stadlandet eldretun. Kari Åshamar har vore andaktshaldar på Selje eldretun og er vi takksame for samarbeidet.

I 2018 fortsette samtale – og bønesamlingar i Selje kyrkje torsdagar kl. 10-11. Det er ope for alle.

Kyrkjene i Selje

Ervik kyrkje

I 2018 vart det sendt ut anbodsinnbyding til fleire entreprenørar, men vi fekk berre svar ifrå UNU. Etter at fellesrådet mottok tilbod frå dei og det vart godkjent sette dei i gang reparasjonen i byrjinga av oktober. Det måtte reparerast rustsprekk, treverk på vest- og austgavl og kyrkja vart mala. Undervegs i arbeidet viste det seg at en del av konstruksjonen under vindskeiene var roten. UNU var ferdig med sitt arbeid i november. I slutten av oktober monterte Eid Elektro nytt el-skap i Ervik kyrkje. I tillegg vart det installert ein ny straummålar i kyrkja. Samstundes flytta organist, kyrkjeverje og kyrkjegardsarbeidarane det gamle orgelet i Ervik kyrkje. Det nye orgelet vart montert 27.-29. november av den nederlandske orgelbyggaren Siccò Stendam og hans assistent. I løpet av sommaren 2019 må kyrkja opnast av dei tilsette og andre for turistar som vil inn og sjå. Det er svært ønskeleg å få til vegkyrkje i Ervik.

SERVICEBYGGET VED ERVIK KYRKJE

Selje kommune gjorde avtale om reinhald av servicebygget i Ervik med Ervik Vel og vi sett stor pris på jobben dei gjer. Det har vore litt arbeid inn mot kommunen for å få avtalen på plass, men samarbeidet med kommunen er godt og avtalen vart gjort til slutt. I 2019 blir avtalen ved Ervik Vel handsama politisk og det vil då blir betre rutinar på det. Det har blitt skifta utedusj-slange i servicebygget. I 2018 vart det oppdaga at septiktanken ved servicebygget ikkje hadde vore tømt, då bygget ikkje var registrert i kommunen si tømingsrute. 12.04.2018 fekk fellesrådet ferdigattest på servicebygget.

Leikanger kyrkje

25.-31. mai vart ny el-tavle og straummålar montert av Eid Elektro i våpenhuset i Leikanger.

Selje kyrkje

I september 2018 kom det regnvatn inn mellom kortaket og veggjen på grunn av oppsamling av granbar under vassbordet. Det vart oppreinska slik at vatnet rann der det skulle. Soknerådet hadde vaskedugnad i kyrkja før konfirmasjon. Ny straummålar vart installert i Selje kyrkje i september.

Kyrkjegardane

I 2018 vart fakturaene for festeavgift sendt ut i november. Vi har komen godt i gong med å benytte oss av gravplassprogrammet, Ecclesia, opp imot fakturering frå kommunen.

Vi måtte reparere Honda-klipparen i 2018.

I samband med samanslåinga av Eid kyrkjelege fellesråd og Selje kyrkjelege fellesråd hadde kyrkjeverjene og alle kyrkjegardsarbeidarane synfaring på kyrkjegardar og bygg i begge kommunane, samt teoretisk gjennomgang i Heggjabygda.

Ervik kyrkjegard

Klokkestøpulen på kyrkjegarden vart mala i samband med reparasjon av Ervik kyrkje.

Leikanger kyrkjegard

I mars mottok vi nye aluminiumsrammer for stempling til Leikanger kyrkjegard og i november monterte soknerådet i Leikanger portlys.

Selje kyrkjegard

I juni blei gjerdet ved vegen på D-feltet retta opp og fiksa. Når det er nedbør kjem det vatn frå nabotomta (Drageseth) ned på D7 feltet på Selje kyrkjegard. Kyrkjegardsarbeidar har laga ei midlertidig demning med sandsekkar noko som har fungert godt. Selje kommune v/ kommunalteknikk har vore på synfaring og det har vore møte med grunneigarar. Kommunalteknikk skal jobbe med saka og få NVE til å kome på staden.

Økonomi/budsjett

Driftsbudsjettet for 2018 hadde driftsutgifter på kr 4 274 505,- og tilskot frå kommunen på kr 2 900 000,-.

Rekneskapen viser at det for 2018 er eit positivt netto driftsresultat på kr 66 587,60. Etter avsetningar på kr 188 700,26, herav avsetning av overskotet 2017 til disposisjonsfond på kr 179 773,76 står vi igjen med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 57 661,10. Alt av underskot frå tidlegare år er inndecka, slik at overskotet på kr 57 661,10 kan avsetjast til disposisjonsfond. Disponering av overskotet vert gjort ved fellesrådet si endelege handsaming av årsrekneskapen for 2018.

Festeavgiftene var kr 13 227,- lågare enn budsjettet. Tilskotet frå Kyrkjerådet til trusopplæringa var i år på kr 236 697,-.

Lønsutgiftene er 1,02% lågare enn budsjettet. Totalt gjev dette eit mindreforbruk på lønsbudsjettet på kr 29 231,- (løn minus refusjonar for sjukepengar frå NAV) for 2018. Det er totalt inntektsført kr. 104 967,- i refusjonar ved sjukepengar.

Prosjekt 05, «Eigenkapitalinnskott KLP», i investeringsrekneskapen har brukt kr 2 338,- meir enn vedteken budsjetttramme. Meirforbruket er førebels dekkja inn ved bruk av investeringstilskot frå kommunen. Endeleg inndeckning av meirforbruket vert gjort ved fellesrådet si endelege handsaming av årsrekneskapen for 2018.

Avsetningar til bundne driftsfond er kr 8 926,50 og bruk av bundne driftsfond er kr 0. Ved utgangen av året står det kr 92 060,01 på bundne driftsfond. Av dette utgjer fond for etablering av kyrkjeleg fellesråd kr 7 163,55, trusopplæring kr 33 229,96, profesjonelle musikarar til gudstenester kr 27 500,-, gåve til nytt orgel i Ervik kr 5 000,- og gåver til kyrkja kr 19 166,50,-.

Det står ved utgangen av året kr 919 356,36 på disposisjonsfond og kr 1 264 330,05 på ubunde investeringsfond.

Som tidligere år er det fleire prosjekt som må leggjast på is på grunn av økonomi og bemanning. Vedlikehald på kyrkjebygg har vore nedprioritert på grunn av økonomien. På lang sikt kan det ha alvorlige konsekvensar for dei minneverdige kyrkjebygga vi har i kommunen. Arbeid på kyrkjegardane er utført på ein god og verdig måte, men ein del ting er ikkje ajour på grunn av bemanning. Kyrkjegardsarbeidarstilling på 50% står ledig og arbeidet har vore utført etter timeliste.

Det vart stor forandring i 2018 for investeringsprosjekt på kyrkjebygg, på grunn av at kyrkja vart sett opp med investeringsmidlar frå kommunen. Kyrkja kan forsette med dei nødvendige investeringane som har lagt på is lenge. Det vart satt av kr 1 263 210,20 på ubundne investeringsfond. Dette er restmidlane av investeringstilskotet frå kommunen til dei prosjekta som ikkje vart ferdigstilt i 2018.

Det har vore kjøpt nødvendige ting til arbeidet på kyrkjegarden og til trusopplæringa i 2018.

Gjevarteneste var oppretta i 2018 og er komen godt i gang. Fellesrådet takkar alle som har støtta arbeidet i kyrkja.

Årsmeldinga og den endelege rekneskapen vert lagt ut på vår nettside <https://kyrkja.no/kyrkjene-i-selje>
Det er også mulig å få det tilsendt.

Til slutt.. som tidlegare år

Selje kyrkjeleg fellesråd ønskjer å sikre gode rammevilkår for kyrkja si verksemd i kommunen. Fellesrådet vil legge til rette for (ref. Kyrkelova §14) at sokneråda kan nå dei mål som er sett for arbeidet deira (ref. Kyrkelova §9). Dette ynskjer ein å oppnå ved å tileigne seg kompetanse og skape "aktivt engasjement og fornying" (Kyrkelova §1) i kyrkja.

Fellesrådet ynskjer å styrkje og vidareutvikle kyrkjene i Selje som ein god arbeidsplass, prega av tryggleik, trivsel, involvering, god motivasjon og samhald. Ha felles fokus gjennom å ta vare på medarbeidarane og gje dei høve til utvikling og vekst, både fagleg og personleg.